

Abrahamsen, Jardar Eggesbø 1995. Der kjem han, han grisen. Litt om animitet i sunnmørsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2, 1995:141–168. Oslo: Novus forlag.

Sideinndelinga i denne fila er ikkje identisk med sideinndelinga i den prenta versjonen.

Der kjem han, han grisen

Litt om animitet i sunnmørsk

Av Jardar Eggesbø Abrahamsen

Denne artikkelen¹ tek føre seg nokre tankar eg har gjort meg om korleis animitet² ovrar seg i min eigen dialekt. Med utgangspunkt i kombinasjonen av det biologiske og det biologisk-språklege (her: «hierarkiske») animitetsomgrepet vil eg m.a. freista å sjå på animitet som ein grammatisk innhaldskategori («grammatisk animitet»).

1. Innleiing

Som ei fyrste innføring kan me seia at animitet gjeng ut på kva som er meir eller mindre levande (animat) eller daudt (inanimat), biologisk eller språkleg. Ein stol er daudare enn eit dyr eller eit menneske, eit menneske er meir levande enn eit dyr, reint språkleg sett. Den biologiske statusen til noko kan altso gjeva utslag i språket på ulike måtar. Ei popularisert framstilling av animitet i norsk finn me t.d. i Abrahamsen (1993), der eg kommenterer at det tradisjonelt heiter «sjå hjorten, der spring han» på nynorsk men «der springer den» på bokmål.

Comrie (1989:185) definerer animitet som «a hierarchy whose main components, from highest to lowest degree of animacy, are: human > animal > inanimate», men med opning for finare eller grovare inndeling av hierarkiet, alt etter språket.

For animitet tykkjest å vera noko grunnleggjande i dei fleste, om ikkje alle språk. I motsetnad til morfosyntaktiske kategoriar med direkte morfologiske ovringar (som kasus og numerus) eller med indirekte ovringar (dvs. kongruens, t.d. genus), so kan animitet gjera seg gjeldande på andre måtar. Soleis kan ulik animitet føra til ulik morfologisk eller syntaktisk struktur der ein elles ville ha venta full likskap: «animacy interacts with other parameters, rather than being relevant entirely on its own» (Comrie 1989:186). Typisk er det då at ord med høg animitet har fleire morfologiske opposisjonar å visa til enn ord

med lægre animitet, t.d. er det berre personlege pronomen og nokre animata som har numerusdistinksjonar i mandarin. I andre språk vil verbet kongruera med det argumentet som har høgst animitet (op.cit.:191).

Croft (1990:127) stiller opp eit animitetshierarki med fire delhierarki: person, NP-slag, animitet og definitet.³ Av dette gjeng det fram at fyrste- og andreperson er meir animate enn tredjeperson; pronomen er meir animate enn proprium, som igjen er meir animate enn appellativ; Crofts «eigentlege» animitet er identisk med Comries; og den «samla» animiteten er proporsjonal med definiteten, slik at bundne former er meir animate enn ubundne, og av dei siste er referensielle meir animate enn dei ikkje-referensielle.

Eg etlar ikkje å gjera greie for alle sidene ved presentasjonen til Comrie og Croft, men vil heller sjå litt nærare på korleis animitet er med på å strukturera det språket som eg sjølv talar flytande, nemleg målet på Søre Sunnmøre, eller nærare sagt min eigen idiolekt.⁴

1.1. Animitetsgrupper

Om me held oss til tredjeperson og tek utgangspunkt i substantiv, so har me tre aksar å halda oss til: NP-slag, biologisk animitet⁵ og definitet.

NP-slag

Her skil me mellom proprium og appellativ; me skal ikkje sjå på skilnaden mellom substantiv og pronomen.

biologisk animitet

Den **biologiske animiteten** er «livsstatusen» til referenten i den røynde verda. Referenten er anten eit levande vesen (and, student, Jardar) eller ein daud ting (stein, lesesal, Nidarosdomen). Er referenten levande (animat), kan han vera anten eit menneske (Haakon, prins) eller eit dyr (ku, Dagros). Denne tvifalde tvidelinga er den prinsipielle; om språket krev det, må ho sjølv sagt justerast. Som utgangspunkt vel eg å bruka henne som ho er.

definitet

Om eg spring rundt på Dragvollen og seier at eg leitar etter ein sekretær, so meiner eg eitt av to. Anten leitar eg etter ei som heiter Bodil, eller eg er so desperat at eg tek til takke med kven som helst. I det fyrste tilfellet er den ubundne forma «ein sekretær» referensiell, men ikkje i det andre. Til vår bruk ser eg bort ifrå dette og held meg til referensielle uttrykk, i praksis definitive (bunden form).

Tek me då dei to punkta over som leksemet kan klassifiserast etter (me ser altso bort ifrå bøyning), NP-slag og biologisk animitet, fær me i prinsippet seks grupper av substantiv:

- animate, menneskelege proprium: *Ola*
- animate, menneskelege appellativ: *bonde*
- animate, ikkje-menneskelege proprium: *Dagros*
- animate, ikkje-menneskelege appellativ: *ukse*
- inanimate proprium: *Nidarosdomen*
- inanimate appellativ: *stol*

Merk at menneske er redundant biologisk animate!

Eg skal ikkje låst som eg er komen til framandt land, so eg røper med det same at namn på dyr og namn på menneske oppfører seg likt på sunnmørsk. Mellom inanimata er det berre eitt som skil, og dét er at inanimate appellativ kan veksla mellom bunden og ubunden form, noko dei inanimate propria ikkje kan utan vidare; desse to slær eg då saman til inanimata (og ser i resten av artikkelen bort frå propria her), og me har fire animitetsgrupper å taka utgangspunkt i:

- a. animate proprium: *Ola, Dagros*
- b. animate, menneskelege appellativ: *bonde*
- c. animate, ikkje-menneskelege appellativ: *ukse*
- d. inanimata: *stol*

Desse fire gruppene er ordna i ei rekkjefylgd som er i samsvar med dei generelle tendensane i ymse språk, slik at gruppe a har størst animitet og gruppe d minst. Eg strekar under dette for ikkje å hamna i ein sirkeldefinisjon av animitet når eg no vil visa korleis desse fire gruppene oppfører seg i ymse syntaktiske konstruksjonar og diskursive funksjonar i sunnmørsk. Eg vil ogso kommentera at eg nettopp skreiv om «størst» (eller «mest») og «minst» animitet, ikkje at gruppe a «har» og gruppe d «ikkje har» animitet: Eg ynskjer å skilja prinsipielt mellom, på den eine sida, denne glideskalaen med fire grupper og, på den andre sida, den reint biologiske animiteten.

Dei fire animitetsgruppene kallar eg for **hierarkisk animitet**, til skilnad frå den reint biologiske animiteten. Det er ikkje berre den biologiske statusen til referenten som er med her (levande eller daud, menneske eller dyr), men ogso grammatiske forhold (NP-slag; i denne utgreiinga ser me som sagt ikkje på definitet).⁶ Eg kallar det «hierarkisk» animitet etter den språkleg-biologiske hierarkiske strukturen som ligg til grunn.

2. Gjennomgåing av animitet i sunnmørsk

Eg skreiv over at me skulle halda oss unna pronomen. Det skal me gjera når me no skal sjå på dei fire gruppene av substantiv; men når me ser på substantiva, er det pronomen me skal nytta til å sjå på dei med. Det er ein tendens til at pronomen er meir animate enn substantiv som har same referanse (Croft 1990:127), og om me ser på kategorien kasus i moderne norsk, ser denne ut til å kunna forklårast berre som eit utslag av animitetsstatusen: Kasusdistinksjonane held seg lengst i personlege pronomen.

Under skal me sjå korleis ordet *han*⁷, som til vanleg vert rekna som personleg pronomen, oppfører seg i samband med dei fire gruppene substantiv i ulike høve. Dei ulike situasjonane som me skal setja pronomenet inn i, vil vera definerte diskursivt og syntaktisk (dvs. implisitt diskursivt); dei er heilt tilfeldig utplukka, og skal i samanheng vera representative nok til å fortelja heller eintydig om pronomenbruken. Eg har altså ikkje andre sams kriterium for situasjonane under enn at dei skal vera relevante for denne pronomenstudien. Når det viser seg at samanstillinga av situasjonar og dei hierarkiske animitetsgruppene gjev eit typografisk vent implikasjonsmønster, so kjem det sjølvsagt av at eg presenterer situasjonane på ein redigert måte.

I dei fylgjande kapitla vil eg koma inn på demonstrativ. Sunnmørsmålet har, til liks med ein del andre dialektar, ikkje to, men tre sett med demonstrativ. I skriftmålet vert demonstrativet *denne* (sunnmørsk: *dinne*, men eg held meg her til normalortografi) bruka om noko som er nær; *den* om noko som er lenger borte. Den siste skriftforma (*den*) svarar til to ulike demonstrativ i sunnmørsmålet: *dinna* og *den*, der det fyrste (*dinna*) må brukast om det som er fjernt, men synleg, og det siste (*den*) om det som ikkje kan sjåast. Me kallar då *denne* for proksimalt og *dinna* for distalt deiktisk demonstrativ, og *den* for anaforisk demonstrativ, der «anaforisk» har tydinga 'referensielt men ikkje deiktisk'. Distribusjonen av dei tre tykkjest å vera noko meir innfløkt, m.a. kan dei to fyrste ogso brukast anaforisk i visse samanhengar, men for vår bruk held denne grunnleggjande inndelinga.

På døma under vil ein sjå at ikkje berre syntaks og val av pronomen eller demonstrativ vil skifta, men ogso prosodien. Prosodiske forhold med sine informasjonsstrukturar kan me for vår bruk sjå på som ei anna side av det diskursfunksjonelle. Eg vel difor med eit *etter måten* godt samvit å berre taka med det mest naudsynte av det prosodiske. Av same grunn, kombinert med at moderne prosodisk forskning⁸ er ei relativt ny grein av målvitskapen her til lands, vil eg halda meg til tradisjonelle termar.

I døma vil eg då markera trykket mellom skråstrek (/’/ og /”/ for primærtrykk og tonelag, /,/ for sekundærtrykk), men med normalortografi for alt anna enn *dinna*, som ikkje er normert i skriftspråket. Soleis tek eg heller ikkje ortografiske omsyn til at t.d. pronomenet «honom» han heita både «håná», «ånå» og «ná», alt etter trykk og omgjevnader. Fakultative einingar vil eg setja i parentes. Syntaksen vert gjennomført sunnmørsk.

2.1. Anaforisk nominativ

Alle fire animitetsgruppene vil i sunnmørsmålet, som i vanleg nynorsk, verta refererte til med eit trykklett *han*, *ho* eller *det*, avhengig av genus. Om me no, for å gjera det lettare, held oss til hankjønn, so vil me for gruppene a–d få konstruksjonar som i (1)–(4), der det anaforiske⁹ pronomenet er det siste ordet i kvart døme:

- (1) Sjøå honom Ola, der kjem /han/.
- (2) Sjøå bonden, der kjem /han/.
- (3) Sjøå uksen, der kjem /han/.
- (4) Sjøå stolen, der stend /han/.

Same mønsteret gjeld i avhengig form, med forma *honom*.

Pronomenet kan ogso ha trykk (stolen: «fotograferte du /”honom/?»), men straks ein har med *kontrast* å gjera, må ein i gruppe d og eventuelt gruppe a skifta ut *han* med *den* (sjå avsn. 2.4).

2.2. Anaforisk genitiv

Her nyttar me *hans* for gruppene a og b, og det er etter mi språkkjensle ogso mogeleg i gruppe c:

- (5) Her er han Ola, og her er /’bilen hans/.
- (6) Her er bonden, og her er /’traktoren hans/.
- (7) Her er uksen, og her er /’båsen hans/.

Dette er ein ikkje-kontrastiv genitiv. Kontrastivt må me bruka «garpegenitiv», noko som forresten ogso gjeld romsdalsk, jf. Sandøy (1979).

For gruppe d kan ikkje *hans* brukast: me må bruka ein preposisjon, og det vert altso ein litt annan syntaks:

- (8) *Her er stolen, og dette er /'sætet hans/.
- (9) Her er stolen, og dette er /'sætet på honom/.

2.3. Modifisert genitivskonstruksjon

Dette er ein konstruksjon der eigaren sjølv er ått av nokon. Eigaren er då modifisert med eit etterstilt eigepronomen, i desse døma *vår* (sidan det er «me» som eig vedkomande som igjen eig bilen, traktoren eller båsen). Her ser me at me for dei tre fyrste gruppene kan bruka eit trykklett *hans* fremst i genitivsuttrykket (dette er identisk med den ikkje-kontrastive genitiven av personnamn, om me ser bort ifrå *vår*):

- (10) Dette er /'bilen hans "Ola (,)vår/.
- (11) Dette er /'traktoren hans "bonden (,)vår/.
- (12) Dette er /'båsen hans "uksen (,)vår/.

For gruppe c vil det gjerne kjennast meir naturleg med *til* enn med *hans*, men (12) er mogleg, i alle fall i mine øyro.¹⁰ Gruppe d kan heller ikkje her nytta pronomen i genitiv:

- (13) *Dette er /'sætet hans 'stolen (,)vår/.
- (14) Dette er /'sætet på 'stolen (,)vår/.

2.4. Kontrastiv anafor

Dette er når pronomenet/demonstrativet stend åleine, utan noko «usynleg» substantiv etter seg, og elles har funksjon som anafor. (Til skilnad har funksjonen i avsn. 2.7 under eit substantiv etter demonstrativet/pronomenet.) Det vil då ha primærtrykk. Merk at det

altså ikkje berre er emfatisk, men at det også har ein kontrastiv funksjon. «Stolen» vil måtta omtalast som *den*, «Ola» og «bonden» som *han*, medan «uksen» kan gå saman med både *den* og *han*. Etter mi språkkjensle, som sjølvstund kan vera skadeskoten i skrivande stund, vil eg helst bruka *han* om ein ukse som eg «kjenner», og *den* om ein ukse som eg ikkje har noko forhold til. Andre sunnmøringar som eg har rundt meg, meiner det ikkje er nokon skilnad. (Men *ikkje-kontrastivt* sver me alle til *han*, jf. 2.1.)

Her finst det ikkje nokon nærleiksopposisjon, og korkje *denne* eller *dinna* kan nyttast.

- (15) Av alle Olaene var det /'han/ som stod der.
*Av alle Olaene var det /'den/ som stod der.
- (16) Av alle bøndene var det /'han/ som stod der.
*Av alle bøndene var det /'den/ som stod der.
- (17) Av alle uksane var det /'han/ som stod der.
Av alle uksane var det /'den/ som stod der.
- (18) *Av alle stolane var det /'han/ som stod der.
Av alle stolane var det /'den/ som stod der.

2.5. Reaktivering

Når ein snakkar om einkvan som ein ikkje kjenner spesielt godt, men som ein veit kven er, eller når ein ventar at den ein talar til, ikkje kjenner personen godt, då kan eit personleg pronomen i sunnmørsk (men ikkje i alle andre dialektar) nyttast trykktungt før eit namn. Det skjer helst fyrste gongen ein nemner personen i den samtalen, eller dersom ein har snakka om honom før, har tala om noko anna, før ein på ny nemner honom. Synonyme konstruksjonar er *han der(e)* eller eit påheng med *du veit*.

- (19) Og då kom /'han 'Ola/.
- (20) Og då kom /'han 'dere 'Ola/.
- (21) Og då kom /(')han 'Ola du ,veit/.

Det er snakk om ei reaktivering av Ola her, sjølve det å gjeninnføra Ola som emne for samtalen. Om me byter ut *han* med *dinna* eller *denne* (det siste kling noko skriftspråkleg), vil me framleis kunna ha med reaktivering å gjera (ikkje alltid), men då med ei noko nedlatande haldning, jf. 2.9. Dermed er (22) og (23) ikkje synonyme med (19).

(22) Og då kom /"denne "Ola(en)/.

(23) Og då kom /"dinna "Olaen/.

Me kan derimot ikkje nytta det anaforiske *den* til reaktivering, samstundes som *denne* og *dinna* er dei einaste brukande som reint deiktiske demonstrativ. Betre kunne me då seia at reaktivering er ei form for mental deiksis, og at *denne* og *dinna* òg (og normalt) kan nyttast ikkje-mentalt, fysisk. Ved gruppe a vil formene med *han* vera dei umarkerte, og (22) og (23) (dei to siste døma) fell eigentleg noko utanfor.

Med gruppe b og bonden vår kan me gjera det same i dette høvet som med gruppe a (eg fører ikkje opp synonyma til (24)):

(24) Og då kom /"han "bonden/.

(25) Og då kom /"denne "bonden/.

(26) Og då kom /"dinna "bonden/.

Her vil (25) vera negativt ladd (og noko skriftspråkleg for meg), medan (24) og (26) er synonyme, men ikkje verdiladde (sjå likevel 2.9). Under skal eg halda meg unna proksimal, då han eigentleg ikkje er interessant for oss enno. Både (25) og (26) er tvitydige, som (22) og (23) over (anten fysisk deiksis eller reaktivering), men vil sjølvstøtt vera eintydige i ein kontekst.

«Uksen» i gruppe c har ikkje noko val, han må ha *dinna* og ikkje *han* i denne situasjonen; det same gjeld «stolen» i gruppe d:

- (27) *Og då kom /'han 'uksen/.
(28) Og då kom /'dinna 'uksen/.
(29) *Og der stod /'han 'stolen/.
(30) Og der stod /'dinna 'stolen/.

No skal det likevel ikkje løynast at substantiv i gruppe c og d *kan* brukast som i (27) og (29). Det gjeld spesielt dersom me byter uksen ut med ein gris og stolen med ein krakk.¹¹ Både grisen og krakken vil då ha to føter å gå på (dei skiftar animitetsgruppe, sjå kap. 4). Det same gjeld ved utpeiking (avsn. 2.6).

2.6. Utpeiking

Her gjeld stort sett det same som ved reaktivering, berre at for gruppe a vil ein måtta bruka forma ved nøytral kjennskap (avsn. 2.8) saman med det deiktiske ordet *der*:

- (31) Sjå på /honom 'Ola ,der/.

Om ein nyttar former med *denne* eller *dinna* i gruppe a, vil det verka nedsetjande (sjå 2.9), jamvel om ein gjer det for å eksplisitt peika ut éin mellom fleire med same namn. Ein vil heller gjeva *der* primærtrykk:

- (32) Sjå på /honom 'Ola 'der/.

Anaforisk må ein likevel nytta *den*:

- (33) Han gjekk til /'den 'Olaen/.

For gruppe b, c og d vil ein kunna nytta både proksimal, distal og anafor, i samsvar med reglane som eg skisserte sist i kap. 2 over. Gruppe b kan då nytta trykksterkt *han* i distal, deiktisk tyding. Me legg her merke til at ved reaktiveringa over var det nettopp distale, deiktiske former som vart nytta.

2.7. *Emfatisk kontrast med substantiv*

Dette er formelt det same som i avsn. 2.6 over, men med emfatisk trykk på demonstrativet/pronomenet. Funksjonelt er det meir i slekt med avsn. 2.4. Ein typisk situasjon der desse formene vil verta bruka, er dersom ein har misforstade noko, men so med eitt skjønar at det t.d. var *den* stolen det var snakk om, og ikkje den som ein fyrst trudde.

Her vil alle gruppene av substantiv kunna taka dei tre demonstrativa etter vanlege reglar, men gruppe a og b kan òg, i alle fall i min idiolekt, taka eit emfatisk *han* med distal eller anaforisk tyding (ikkje proksimal). Emfatisk trykk er under markert ved at heile ordet er skrive med store bokstavar. Når det gjeld *Ola* og *bonden*, kan dei ha sekundærtrykk i staden for primærtrykk:

- (34) Var det /'HONOM 'Ola/ du snakka om?
- (35) Var det /'DENNE 'Olaen/ du snakka om?
- (36) Var det /'DINNA 'Olaen/ du snakka om?
- (37) Var det /'DEN 'Olaen/ du snakka om?
- (38) Var det /'HONOM 'bonden/ du snakka om?
- (39) Var det /'DENNE 'bonden/ du snakka om?
- (40) Var det /'DINNA 'bonden/ du snakka om?
- (41) Var det /'DEN 'bonden/ du snakka om?

Det same gjeld for uksen og stolen som for bonden og Ola, med det unntaket at uksen og stolen ikkje kan nytta det personlege pronomenet *han*. Ser me bort ifrå det prosodiske, so ligg den formelle skilnaden mellom denne og førre konstruksjonen i kva som skjer i gruppe a: Her nyttar me ikkje ordet *der*.

2.8. *Nøytral kjennskap*

Her skal me ikkje modifisera substantivet på noko vis, berre omtala det slik me gjer når me, programfast, held oss til referensielle uttrykk, og til bunden form der ein morfologisk definitetsopposisjon finst. I slike høve

vil me få rein bunden form ved gruppe b, c og d, medan me i gruppe a vil få eit trykklett *han* føre namnet.

(42) Der kjem /han "Ola/.

(43) Der kjem /"bonden/.

(44) Der kjem /"uksen/.

(45) Der stend /'stolen/.

2.9. Nedsetjande omtale

Vil ein tala nedsetjande om einkvan, nyttar ein det distale, deiktiske demonstrativet, med eller utan trykk. Konstruksjonen treng ikkje verka spesielt pejorativ når han er bruka i gruppe c eller d, men om ein likevel vil tala nedsetjande om uksen og stolen, so er det denne konstruksjonen ein vel:

(46) Sjø på /(")dinna "Olaen/.

(47) Sjø på /(")dinna "bonden/.

(48) Sjø på /(")dinna "uksen/.

(49) Sjø på /(")dinna 'stolen/.

Me legg merke til at uksen her gjerne kan vera ein lite kysk mann, og at dersom me byter ut stolen med ein krakk, so er det ikkje snakk om eit møbel, men om ein stakar. Jf. at nedsetjande tale helst dreier seg om menneske; sjå om veksling mellom animitetsgrupper i kap. 3.

I denne funksjonen (same korleis setninga og konteksten er) kling *denne* og *den* noko skriftspråkleg i mine øyro, og *han* kan ikkje brukast i noka av dei fire gruppene.

3. Ei fyrste drøfting

Me kunne sjølvsagt ha halde på mykje lenger med ulike syntaktiske konstruksjonar og diskursive nyansar, men for bruken her held dette rikeleg. For å summera litt opp, so opererer me altså med fire grunnleggjande hierarkiske animetetsgrupper ved substantiv:

- a. animate proprium
- b. animate, menneskelege appellativ
- c. animate, ikkje-menneskelege appellativ
- d. inanimata

Og me har sett på ni syntaktisk og diskursivt definerte funksjonstypar:

1. anaforisk nominativ
2. anaforisk genitiv
3. modifisert genitivkonstruksjon
4. kontrastiv anafor
5. reaktivering
6. utpeiking
7. emfatisk kontrast med substantiv
8. nøytral kjennskap
9. nedsetjande omtale

Ser me no på kvar me kunne bruka *han* i sine ulike former (*han*, *honom*, *hans*) utan å endra på syntaksen elles (som me måtte gjera i (9)), fær me mønsteret som i tab. 1. Om me slik kan bruka både *han* og demonstrativ utan at konstruksjonane vert usynonyme (t.d. (17)), vil dette altså ikkje verta markert i tabellen; heller ikkje der korkje *han* eller demonstrativ kan nyttast. Det er berre snakk om den maksimale aksepten for *han* med elles lik syntaks.

	a.	b.	c.	d.
1.	+	+	+	+
2.	+	+	+	-
3.	+	+	+	-
4.	+	+	+	-
5.	+	+	-	-
6.	+	+	-	-
7.	+	+	-	-
8.	+	-	-	-
9.	-	-	-	-

Tab. 1. Aksepten for *han* med uendra syntaks.

Når implikasjonsmønsteret her svarar til rekkjefylgda i drøftingane over, kjem det av at eg har redigert rekkjefylgda slik.

Her ser me altså at aksepten for *han* i dei ulike funksjonane er proporsjonal med animiteten i eit hierarki som er konformt med universelle tendensar. Det ser òg ut til at me i alle fall kan rekna med fire grammatisk relevante grupper av hierarkisk animitet ved substantiv når dei er ordna på ein lineær skala.

Det er ikkje vanleg å rekna animitet som ein eigen grammatisk kategori, men som noko som ligg bak andre strukturar som eitt av fleire «extra-linguistic parameters» (Comrie 1989:194). Det er snakk om «an inherent property of noun phrases, irrespective of their role within a particular construction» (op.cit.:62). Animitet har eigentleg biologisk bakgrunn. Samstundes er det slik at ulike ord «oppfører seg» meir og mindre animat i høve til kvarandre (op.cit.:195): Jamvel om t.d. fyrste og andre persons pronomen alltid er animate og menneskelege, er dei «no more animate, in the literal sense, than are other noun phrases with human reference, yet their behaviour is differentiated.»

For oss gjer dette utslag langs begge aksane, både animitetsaksen og den syntaktiske og diskursive variasjonen.

For animitetsaksen gjeld det at sume ord kan veksla mellom fleire animitetsgrupper (og med «animitetsgruppe» meiner eg alltid «hierarkisk animitetsgruppe»). Dette vil seia at eitt og same substantivet kan skifta animitet med tilhøyrande avgrensing av valrikdomen for referanse. Slik vil substantivet *pus* etter form og referanse (animat, ikkje-menneskeleg appellativ) høyra heime i gruppe c, saman med *ukse*, og det kan då òg bøyast i både numerus og definitet som eit vanleg appellativ (50), (51). Men det kan òg oppføra seg som *Ola* i gruppe a, då med tyding av proprium (52):

(50) Sjå /'dinna 'pusen/!

(51) Der var mange pusar.

(52) Kvar /han 'Pus/ er?

Eg har allereie nemnt korleis *krakk* og *gris* kan veksla mellom gruppene d og c, der dei «eigentleg» høyrer heime, og gruppe b når dei vert bruka om menneske.

Ein viktig del av dei substantiva som slik kan skifta animitet, er nokre slektskapsord. Substantivet *mor* høyrer «eigentleg» heime i gruppe b, saman med *bonde*, og det kan bøyast og oppføra seg på same vis (53), (54), (55); (55) er reaktivering utan negative konnotasjonar. Men det kan òg oppføra seg som *Ola* i gruppe a, då med tydinga «mor til den som talar» (56).¹²

(53) Der er mor(a) hans.

(54) Det var mange mødrer der.

(55) Hugsar du /'dinna 'mora/?

(56) Kvar ho mor er no?

I tilfelle som *mor*, *gris* og *krakk* vekslar altso animiteten i samsvar med kva me legg i orda. Animiteten avgjer kva uttrykk me fær i dei ulike funksjonane, slik at val av uttrykk vil vera val av innhald.

Den andre sida ved det at ord «oppfører seg meir og mindre animat» i høve til kvarandre, er variasjonen langs funksjonsaksen, i våre døme vil dét seia dei ni syntaktisk og diskursivt definerte dømegruppene for funksjonar. I dei sunnmørske døma ser me ei implikasjonell tvikløyving av tab. 1, slik at me har «animat oppføring» til venstre og «inanimat oppføring» til høgre; men for kvar animitetsgruppe varierer det med funksjonsgruppene om orda i den animitetsgruppa skal te seg animat eller inanimat. Me har då forstade «animat oppføring» som at det er høve til eller naudsynt å nytta *han* (utan å endra syntaksen elles) i staden for *denne*, *dinna* eller *den* i samband med substantivet (ein forståingsmåte det skulle vera all grunn til å godtaka, etter distribusjonen å døma). Slik kan me seia at ord i gruppe c oppfører seg animat i funksjon 1 men inanimat i funksjon 7. I funksjon 7 vil derimot gruppe b oppføra seg animat, men ikkje i funksjon 8.

4. Animitet som grammatisk kategori

Eg nemnde over at det ikkje er vanleg å rekna animitet for ein eigen grammatisk kategori på line med genus eller kasus, men at det er noko som finst i den røynelege verda, og som ser ut til å ha innverknad på språket.

Etter det som kom fram i kapitlet over, skulle det likevel vera nyttig å operera med animitet som kategori, men då definert på grunnlag av andre kategoriar, slik som det måtte høva seg i kvart tilfelle. For oss vil me kunne seia at alle substantiv høyrer til éi av dei fire hierarkiske animitetsgruppene a, b, c og d. Samstundes vil dei vera *grammatisk animate eller inanimate*. Den **grammatiske animiteten** er den som avgjer korleis substantivet vert realisert reint morfologisk, leksikalsk eller syntaktisk i ein gjeven funksjon (dei ni over). Hjø oss har kvar funksjon éin eller to moglege realisasjonar (me held oss her berre til bruken av pronomenet *han*): anten *med* pronomenet *han* og elles same syntaks som i dei eventuelle animitetsgruppene lenger til venstre i tab. 1 (grammatisk animat), eller *utan* pronomenet *han*, evt. *med* pronomenet, men med annan syntaks enn animitetsgruppene til venstre (grammatisk

inanimat). Dette er altso i samsvar med fordelinga av plussteikn i tab. 1. Merk at denne definisjonen er førebels, men han held inntil vidare.

Me kunne sjølvsagt tenkja oss fleire enn to trekk innanfor kategorien «grammatisk animitet», utan at eg skal gå nærare inn på det her. Her skal eg sjå nærare på to konsekvensar som innføringa av animitet som grammatisk kategori fær for materialet mitt. Dei to trekka i denne kategorien kallar me **animatum** og **inanimatum**.

Den fyrste saka viser oss nokre band som finst mellom grammatisk og hierarkisk animitet. Pronomenet *han* er grammatisk animat, det definerer me ut ifrå at det er *han* heller enn *denne* o.l. som vert bruka til venstre i tab. 1. Sameleis er *denne*, *dinna* og *den* grammatisk inanimat. Merk at eit minus i tabellen ikkje tyder at det er desse tre orda som vert bruka der, berre at det ikkje vert bruka *han*. Det er likevel primært til høgre i tabellen at dei vert bruka.

Både *han* og *denne*-orda kan, i ulike funksjonar samanlagt, brukast ved alle dei fire hierarkiske animitetsgruppene. Her er det me då legg merke til at når *han* vert bruka ved substantiv som høyrer heime i gruppe c og d (som er ikkje-menneskelege) dei stadene det etter tabellen ikkje skulle vera mogeleg i desse gruppene, so skiftar substantivet ikkje berre grammatisk animitet, men ogso biologisk og dermed hierarkisk animitet: grisen (gruppe c) og krakken (gruppe d) vert menneske (gruppe b). Sameleis er det med ord som *pus* i gruppe b: Når dei fær eit pronomen framføre seg, vert dei brått til namn (gruppe a). Rett nok er det vanskeleg å etterprøva nettopp dette siste, sidan referenten framleis er ein katt (i motsetnad til når dyr og møblar vert til menneske, som med *gris* og *krakk*), men i alle fall har eg gjeve mang ein katt namnet Pus, og eg har ropa «Pus» når dei skulle ha mat, noko som ofte har verka.

Når ein hin vegen nyttar *denne* osb. om menneske, kan det ofte verka nedsetjande. Spesielt gjeld dette for gruppe a. Dette forholdet, saman med at det nettopp er *denne*-ord (rettare sagt *dinna*) som vert bruka ved nedsetjande omtale, noko som vidare i praksis er mogeleg berre om menneske; alt dette vil gjerne ha ein grunn. Og eg vil tru at grunnen nettopp er at *denne*, *dinna* og *den* er grammatisk inanimatum.

Slik vil omtalen verta negativ ved at ein gjer seg nytte av ord som ein helst brukar om dyr og daude ting.

Forholdet mellom grammatisk og hierarkisk animitet er altså ikkje berre ei definisjonssak, det har også pragmatiske/semantiske fylgjer: Skal «gris» tolkast som ‘dyr som gryntar’ eller ‘usømeleg mann’?

Den andre saka som eg vil trekkja fram etter å ha etablert animitet som grammatisk kategori, er kongruensen til «merkeorda» våre i animatum og inanimatum (*han, denne* osv.). Over har eg stort sett nytta substantiv med maskulint genus. Dette har eg gjort for ikkje å vera meir forvirrande til same tid enn eg klarer å lata vera.

I fire av dei ni funksjonsgruppene finst både *han* og demonstrativ, alt etter (grammatisk og hierarkisk) animitet. Dette er gruppene 4: kontrastiv anafor; 5: reaktivering; 6: utpeiking; og 7: emfatisk kontrast med substantiv. Etter skulegrammatikken ser me på pronomenet *han* som maskulint genus, *ho* som feminint genus og det trykklette *det* som nøytralt genus. Sameleis er *denne, dinna* og *den* både maskulint og feminint genus, medan *dette, ditta* og *dét* (med trykk) er nøytralt genus. Med ‘genus’ meiner me då (i norsk) nokre abstrakte trekk ved eit substantiv som avgjer forma til m.a. desse pronomena og demonstrativa (jamvel om det er nokre som blandar inn substantivbøying her).

Når eg til no med vilje har nytta berre hankjønnsord (og eitt hokjønnsord), so har me ikkje hatt påskot til å sjå noko nærare på kongruensen. Men lat oss sjå kva som skjer når me ved desse fire funksjonsgruppene tek eit substantiv som etter funksjon og form skulle stå i grammatisk inanimatum (med demonstrativ), og flytter det over til grammatisk animatum (med personleg pronomen). Me har gjort det tidlegare, og kunne då slå fast at «han grisen» er ein mann som ikkje bør vera moralsk førebilete, og at «han krakken» er ein stakar. Men no skal me byta ut hankjønnsorda *gris* og *krakk* med inkjekjønnsorda *svin* og *kålhovud*.¹³ Her nøyer me oss med døme frå gruppe 6, utpeiking. Det som skjer er parallelt for hine tre gruppene. I døme (57) og (58) er α grammatisk inanimatum og β grammatisk animatum:

- (57) α . Sjå ditta svinet.
 β . Sjå honom svinet.
(58) α . Sjå ditta kålhovudet.
 β . Sjå honom kålhovudet.

I grammatisk animatum, som per førebels definisjon altso er når ein nyttar personleg pronomen utan å endra syntaksen elles, vil *pronomenet* i desse tilfella med inkjekjønnsord ikkje retta seg etter genus, men etter biologisk kjønn, **seksus**. *Demonstrativet* (grammatisk inanimatum) rettar seg etter *genuset*.

At ein i inanimatum normalt vil ha samsvar med genus og ikkje seksus, det seier seg sjølv. For å ha biologisk kjønn må ein for det fyrste vera levande, referenten må vera biologisk animat. Er referenten biologisk inanimat, finst det ikkje nokon seksusopposisjon, og det er einast genus att å ha kongruens etter. Her ser det ut til at ein ogso må vera eit menneske for at seksus skal verta grammatisk relevant (sidan «han kålhovudet» *må* vera eit menneske, ikkje ei plante). Det inntrykket vert stadfest når me ser på animitetsgruppe b og c i funksjon 1, der antesedenten til pronomenet er eit substantiv med nøytralt genus, men maskulint seksus (me set då føre at me veit at barneombodet er ein mann, og at me med «svinet» meiner eit dyr):

- (59) Sjå barneombodet, der kjem han.
(60) Sjå barneombodet, der kjem det.
(61) *Sjå svinet, der kjem han.
(62) Sjå svinet, der kjem det.

I (61) kan sjølvsgagt «svinet» tolkast som eit menneske og då vera grammatisk, men om me veit at det er snakk om ein ekte galt (det er dét som er meint her), so vil (61) vera ugrammatisk, biologisk kjønn til trass. Ved «barneombodet» kan pronomenet retta seg både etter seksus (59) og genus (60).

Ord som *barneombod* er likevel marginale. Stort sett vil det vera samsvar mellom seksus og genus ved menneske, og substantiv for menneske har nesten aldri nøytralt genus.

Og er det t.d. eit ord med maskulint genus, men med ein referent som har feminint seksus, ja då fær dette fylgjer berre for valet mellom *han* og *ho*. Demonstrativa *denne*, *dinna* og *den* har som nemnt ikkje seksusopposisjon likevel, og dei rettar seg alltid etter genus. I (63) og (64) er det snakk om ein kvinneleg lærar (som me før ville ha kalla *lærarinne*, med feminint genus), i (65) og (66) er det snakk om ein mannleg lærar, og i (67) og (68) har me barneombodet igjen, og no med demonstrativ (som vil seia grammatisk inanimatum). Ein kan her merkja seg at i (64) ville *henne* i staden for *dinna* vera grammatisk, sameleis med *honom* i (66) og (67) (sidan barneombodet for tida er ein mann), jf. omtalen av (57) og (58). Det er heile tida ein føresetnad at me kjenner seksuset til referenten:

- (63) Sjå læraren, der kjem ho.
- (64) Sjå dinna læraren.
- (65) Sjå læraren, der kjem han.
- (66) Sjå dinna læraren.
- (67) Sjå ditta barneombodet.
- (68) *Sjå dinna barneombodet.

Dette tyder då at me i dette tilfellet kan operera med ei primær inndeling i grammatisk animatum og inanimatum. Dinest kjem ei inndeling i tre¹⁴ genus under inanimatum, og i to grammatiske seksus under animatum. Eli Sætherø (1993) skriv om dette og viser at me med fordel kan nytta animitet som ein slik primær kategori i samband med genus i norsk.

Materialet over kan òg vera med på å forklåra (den sosialt kontroversielle) bruken av *han* ved generiske (og dermed ikkje-referensielle) personnemningar med maskulint genus (sjå t.d. Hageberg 1993, Ekendahl 1993, Lainio 1993, Dunger 1993 og Hufeisen 1994).

Etter dagens akademiske møte bør ein helst seia at «når ein lærar kjem inn i romet, bør *ho* taka seg i vare for rampane».

Men som me såg, rettar personlege pronomen seg i animitetsgruppe a og b etter seksus. Dersom no substantivet ikkje har nokon referent (noko som i praksis ikkje kan skje i gruppe a, berre b), eller dersom seksus er ukjent, so er det berre genus att å retta seg etter. På same vis vil eg finna det ugrammatisk å omtala ei vakt (feminint genus) som *han* dersom eg ikkje kjenner til seksus, eller dersom eg snakkar om vakter generelt. Slik vil eit trykklett *han* i (69) vera koreferensielt med *studenten*, medan *ho* i (70) er koreferensielt med *eksamensvakta* (slik eg og andre utspurde oppfattar det spontant, og ikkje berre sunnmøringar):

- (69) Det var ein gong ein student_i som sa til ei eksamensvakt_j at han_{i/*j} var dum.
- (70) Det var ein gong ein student_i som sa til ei eksamensvakt_j at ho^{*}_{i/j} var dum.

Skilnaden på norsk og engelsk her er sjølvstøtt at engelsk ikkje har genus, berre seksus, og at det difor kunne vera greiare på det språket enn på norsk å snakka om at «when a teacher enters the room, she should beware of the nasty pupils». Og for å snu på kjønna: Når ein, som i sunnmørsk, jamvel kan nytta *han* som «ubunde pronomen» (tilsvarande «ein», bokmål «man»), so er det helst studentar flest som må vera varsame når det vert sagt generisk at «når ei eksamensvakt kjem inn, må han passa seg».

Det vert meir om kongruens i 4.1.1.

I generaliseringane i dette kapitlet om animitet som kategori har eg late vera å problematisera ordet *barn* (nøytralt genus, menneske), og siterer heller Comrie (1989:197), som slær fast at «the treatment of children as lower in animacy than adults is found in several languages».

4.1. *To problem*

Me opererer med animatum og inanimatum, og derunder høvesvis to seksus og tre genus. Med denne struktureringa melder det seg to problem. Det fyrste er statusen til inkjekjønn, det andre kjem genitiven ved.

4.1.1. *Nøytralt genus*

Eg har bruka *han* som indikator på animitet, men i innleiingskapitlet 4 viste eg at sume *han*-ar ser ut til å falla utanom animatum, slik at definisjonen min tek sitt eige liv: Sjølv mordet skjer i dei to ikkje-menneskelege animitetsgruppene der desse etter tab. 1 skulle vera grammatisk animate (dvs. nytta *han*), men der det likevel er genus og ikkje seksus som avgjer. Det er funksjonsgruppe 1, 2, 3 og 4 som skaper problem. Om me set inn *svin* og *kålhovud*, med tyding av ‘galt’ og ‘art grønnsak’, so fær me for dei fire funksjonsgruppene (i (71) viser c og d til dei hierarkiske animitetsgruppene):

- (71) c: Sjø svinet, der kjem det.
d: Sjø kålhovudet, der ligg det.
- (72) svinet: Her er bingen til det.
- (73) Her er bingen til svinet vårt.
- (74) svinet: /'Det/ tok han med seg.

Den største *syntaktiske* endringa her er i (72) og (73), der eit pronomen i genitiv ikkje er mogeleg, men det no må brukast preposisjon (noko som ogso er mogeleg i hankjønn).

Etter dette fær me ei noko annleis oppstilling av kvar *han* kan brukast. Her vert det forresten heller ikkje snakk om at pronomenet vert bruka med ein annan syntaks enn i gruppene til venstre for seg, sidan dette fenomenet fanst berre i gruppe 2d.

Merk at gruppe a fell ut når substantivet har nøytralt genus, sidan personnamn alltid vil vera maskuline eller feminine.

	b.	c.	d.
1.	+	-	-
2.	+	-	-
3.	+	-	-
4.	+	-	-
5.	+	-	-
6.	+	-	-
7.	+	-	-
8.	-	-	-
9.	-	-	-

Tab. 2. Aksept for *han* ved substantiv med nøytralt genus.

Den nye definisjonen av animatum kunne då verta at eit kongruerande element samsvarar med seksus heller enn med genus. Men dei klassene av ord som brått har mist status som animatum (1c, 1d, 2c, 3c og 4c), kva med dei når dei er ho- eller hankjønnsord? For funksjon 2 og 3 *vil* me faktisk *både* få *han* og ein syntaks som *er* identisk med animitetsgruppe a og b! Skal dei likevel reknast som inanimatum, trass i at det er det strukturelle skiljet (som her gjeng mellom c og d, ikkje b og c) som i det heile motiverer animitet som grammatisk kategori? Denne «nye definisjonen» av animatum held altså ikkje.

Problemet vårt oppstod då me førde inn inkjekjønnsord. No er det frå før peika på at me under animatum skil mellom seksus, noko som ikkje er mogeleg under inanimatum. Av seksus finst det berre to: maskulint og feminint. Nøytrum finst av (bokstaveleg tala) naturlege årsaker berre som genus, aldri som seksus. Maskulinum og femininum er derimot både to genus og to seksus.

Eg skal frå no av skilja mellom **biologisk** og **grammatisk seksus**. Ein galt og ein ukse vil ha biologisk maskulint seksus, fordi dei er hannar (i motsetnad til ku og purke). Grammatisk seksus er identisk med biologisk seksus, men seksus er grammatisk relevant berre i grammatisk animatum, jf. slutten av kap. 4 over. Grammatisk seksus er

då seksus ved grammatisk animatum. Motivasjonen er at *grammatisk* animatum og dermed (grammatisk) seksus i sunnmørsk er uaktuelle i sume høve, og dét er ved *ikkje-menneskelege* substantiv med *nøytralt* genus, jf. (59), (60), (61), (62) og kommentarane til dei. Slik eliminerer me problemet med inkjekjønnsorda (men har framleis ikkje sett på *barn*, og skal heller ikkje sjå på det), og me har ein ljuv og fager struktur av animitet, seksus og genus. Då kan me nemleg framleis ha den strukturen som eg gjorde framlegg om sist i innleiingskapitlet 4: animitet øvst, deretter genus under inanimatum og seksus under animatum. Men dette spesifiserande tillegget trengst:

Eit *ikkje-menneskeleg substantiv med nøytralt genus* vil alltid vera *grammatisk inanimat*, for bortsett frå menneske er det berre han- og hokjønnsord (genus) som kan ha grammatisk seksus (og berre i grammatisk animatum!), og nøytrum er ikkje noko seksustrekk. — Dette er sjølvsagt noko som gjeld for den dialekten som er undersøkt her, og er ikkje utan vidare universelt gyldig. Hugs òg at denne struktureringa er gjord med utgangspunkt berre i eit lite utval av referensielle uttrykk.

Dette tillegget forklarar årsaka til at *svin* og *ukse* oppfører seg ulikt i dei same funksjonsgruppene, ditto om *kålhovud* og *stol*. For det siste paret er det skilnader berre i funksjonsgruppe 1, og dei kan heller ikkje ha noko biologisk seksus (til skilnad frå eit grammatisk, som atter er knytt til grammatisk animitet). Her er det dermed berre parallelliteten som talar for at *han* om ein *stol* skal tyda «grammatisk animatum», men so finst det heller ikkje noko som talar imot kategoriseringa her av *stol* som «animatum» når substantivet ikkje har nøytralt genus. I mangel av biologisk seksus vil altso grammatisk seksus vera synonymt med genus.

4.1.2. *Genitiv og animatum*

Det andre problemet gjeld gruppe d i funksjon 2.

Me har definert animatum slik at substantivet *stol* i funksjon 2 vert klassifisert som grammatisk inanimat fordi syntaksen er annleis her enn

i gruppene til venstre: Pronomenet stend ikkje i genitiv, men etter ein preposisjon. Samstundes er det nettopp ei form av det personlege pronomenet *han* som vert bruka, og dette pronomenet er etter definisjonen eit uttrykk for grammatisk animitet, maskulint grammatisk seksus.

I heile oppsettet i tab. 1 er det no berre dette som ser ut til ikkje å passa inn, men eitt er likevel for mykje. Torp (1973:125) nemner at det etter det han kan sjå berre er «animate substantiv [...] som kan stå i genitiv i norske dialekter». I Torp (1992:164) snevvar han dette inn til at «die überwiegende Mehrheit der Possessivkonstruktionen in der gesprochenen Sprache gerade bei Personennamen vorkommt». Både hjå Torp og her hjå meg er det snakk om possessiv genitiv.

Nominativ og avhengig form (*han, honom*; i hokjønn *ho, henne*) av det personlege pronomenet oppfører seg likt, men det er tydeleg at genitiv oppfører seg noko annleis. I funksjon 2 er gruppene a, b og c formelt identiske, med unnatak av kasus. Hadde genitiv og nominativ oppført seg likt, ville (8) vore grammatisk.

(8) *Her er stolen, og dette er /'sætet hans/.

Ogso i andre funksjonar enn dei i døma over finn me slike ulikskapar: Normal genitiv ved personnamn er som i funksjon 8, men med pronomenet i genitiv (75). Dette er òg mogeleg i gruppe b (76). Og sidan pronomenet *han* kongruerer med seksus og ikkje genus, er det like lovleg ved substantivet *barneombodet* (77). Det må her kommenterast at jamvel om eg faktisk vil godtaka (76) og (77), so ville det likevel vera meir naturleg med preposisjon enn med pronomen. I alle fall kan (78) godtakast problemfritt.

Men i nominativ (79) vil *bonden* verta oppfatta som ein høgredisløkert lekk, ein apposisjon til *han*, og ikkje som del av same eining. Dette ser me godt i (80), der orda skil lag ogso lineært.

- (75) Dette er bilen hans Ola.
 (76) Dette er traktoren hans bonden.
 (77) Dette er bilen hans barneombodet.
 (78) barneombodet: Dette er bilen hans.
 (79) Der stend /han ”bonden/.
 Der stend han, bonden.
 (80) α. *Er /han ”bonden/ der?
 β. Er han der, bonden?

Eg har stort sett lagt *han* og *honom* til grunn for struktureringa mi. Genitiv *hans* krev tydelegvis ein litt annan struktur. Den beste løysinga ville truleg vera å stryka kravet om «syntaktisk likskap med gruppene til venstre» for å seia at noko er grammatisk animat. Slik vil gruppe d i funksjon 2 vera grammatisk animat pga. *honom*. I staden definerer me eit krav til forma *hans*, at ho er grammatisk animat, har grammatisk maskulint seksus (parallelt for *hennar*, som er feminint), men at ho kan operera berre innanfor eit visst område av animatum, nemleg ved menneske (gruppe a og b), og *elles berre der grammatisk seksus er identisk med biologisk seksus*. Me fær altso ei distributorisk avgrensing av genitiv *hans* i forhold til *han* og *honom*, og avgrensinga skjer etter klassifiseringar som me allereie har gjort oss i andre samanhengar. Det einaste som skil avgrensinga av *hans* (og *hennar*) frå området med grammatisk seksus, er i praksis gruppe d i funksjon 2 (gruppe d har ikkje noko biologisk seksus). Avgrensinga er gjord empirisk på bakgrunn av observasjonar i det røynde språkmaterialet, og er ikkje noko produkt av modellinterne definisjonar.

Der *hans* ikkje kan brukast, vil me i animatum få *han* eller *honom* i ein annan konstruksjonstype; i inanimatum er personlege pronomen pr. definisjon likevel uaktuelle.

Den endelege definisjonen av animatum vert då bruken av personleg pronomen, same kva form det måtte ha, og same korleis syntaksen er i høve til andre hierarkiske animitetsgrupper i same funksjonsgruppe.

Den endelege tabellen over animatum (plussteikn) og inanimatum (minusteikn) ved substantiv med maskulint eller feminint genus er den same som tab. 1, med ei endring i funksjonsgruppe 2. Samstundes må det understrekast at denne oversikta berre gjeld den *maksimale* distribusjonen av animatum ved maskulint og feminint genus (sidan me i éi og same animitetsgruppe i same funksjon stundom kan veksla mellom animatum og inanimatum, utan at me skiftar animitetsgruppe). Minusteikna vert då den *obligatoriske* distribusjonen av inanimatum ved ikkje-nøytralt genus.

	a.	b.	c.	d.
1.	+	+	+	+
2.	+	+	+	+
3.	+	+	+	-
4.	+	+	+	-
5.	+	+	-	-
6.	+	+	-	-
7.	+	+	-	-
8.	+	-	-	-
9.	-	-	-	-

Tab. 3. Oversyn over maksimalt tillate grammatisk animatum ved substantiv med ikkje-nøytralt genus.

Merk at demonstrativa ikkje har genitiv (jf. òg Torp-sitata). Det er difor (72) nyttar preposisjon og ikkje ei form **bingen dess*.¹⁵ Og *svinet* i dette dømet er sjølvstg grammatisk inanimat pga. nøytralt genus.

Tab. 2 og tab 3 er like gyldige. Den grammatiske animiteten har noko ulik distribusjon i dei to tabellane, men dette kjem berre av den grammatisk inanimate statusen til dei ikkje-menneskelege nøytra, som før omtala.

4.2. Oppsummering av dei strukturelle konsekvensane

Me opererer med grammatisk *animatum*, og under der grammatisk *seksus*. Grammatiske seksus finst det to av: maskulinum og femininum. Her vert det nytta *han* og *ho*.

Under grammatisk *inanimatum* har me *genus*, men i demonstrativ finst det berre éin opposisjon, nemleg den mellom *felleskjønn* (omfattar maskulint og feminint genus, som det finst opposisjon mellom i andre delar av formverket, t.d. artiklar og adjektiv) og *nøytrum*. Felleskjønnet vert uttrykt gjennom *denne*, *dinna*, *den*; nøytrum gjennom *dette*, *ditta*, *det*. Samstundes må ein hugsja at eg har definert *inanimatum* negativt, slik at bruken av desse orda rett nok vil tyda grammatisk *inanimatum*, men som me ser i funksjonsgruppe 8, vil ogso mangel på pronomen eller demonstrativ verta klassifisert som *inanimatum*, i den grad dette i det heile teke kan vera nyttig. Eg byggjer berre på desse to ordklassene i tillegg til substantiva, og har ikkje sett på andre område av språket. Men so vil heller ikkje utgreiinga mi, alt i alt, vera noko anna enn nettopp ei strukturering av kva som ligg til grunn når ein vel pronomen eller demonstrativ. Dei «nakne» substantiva t.d. i gruppe b, c og d i funksjon 8 er berre ein del av det empiriske materialet som grunna definisjonane «tilfeldigvis» vil hamna under det negativt definerte *inanimatum*.

Alt dette kjem av at i tabellane over har eg heile tida teke utgangspunkt i det empiriske grunnmaterialet, og ikkje i pronomena og demonstrativa. Skal me laga eit oversyn over mogelege valhøve mellom personleg pronomen og demonstrativ i *animatum* og *inanimatum* i dei fire animitetsgruppene og dei ni funksjonane som eg har valt som døme, so vil me få same plasseringa av plussteikn som over, men med ei viss overlapping av minusteikn. Dessutan vil me få fire ruter der ein korkje kan nytta demonstrativ eller personleg pronomen, her markert med ein null, og sjølvstøtt vert desse nullane å finna til høgre i tabellen (og er definerte som grammatisk *inanimate*). Tab. 4. er då ein tabell både over mogeleg grammatisk animitet og over uttrykksmåten ved ikkje-nøytralt genus. Vil ein kutta ut det siste, byter ein berre ut nullane med minusteikn. Og hugs atter ein gong at dette gjeld berre personlege

pronomen og demonstrativ ved substantiv. Tab. 5 er det same for nøytralt genus, og då sjølvstagn utan personnamn (gruppe a).

	a.	b.	c.	d.
1.	+	+	+	+
2.	+	+	+	+
3.	+	+	+	0
4.	+	+	±	-
5.	+	±	-	-
6.	±	±	-	-
7.	±	±	-	-
8.	+	0	0	0
9.	-	-	-	-

Tab. 4. Endeleg oversikt over distribusjon av grammatisk animitet ved substantiv med ikkje-nøytralt genus.

	b.	c.	d.
1.	+	-	-
2.	+	-	-
3.	+	0	0
4.	+	-	-
5.	+	-	-
6.	+	-	-
7.	+	-	-
8.	0	0	0
9.	-	-	-

Tab. 5. Endeleg oversikt over distribusjonen av grammatisk animitet ved substantiv med nøytralt genus.

Alle nullane i tab. 4 og 5 dukkar opp i funksjonsgrupper der det personlege pronomenet nærast fungerer som grammatisk formord. Det er difor ikkje overraskande at demonstrativ ikkje kan nyttast der.

Når då, etter alt dette, ein stol i funksjon 1 vert referert til med ordet *han*, so vil substantivet *stol* i den situasjonen vera grammatisk animat. Sidan *stol* er biologisk inanimat, må det få *tildelt* eit grammatisk seksus, og dette grammatiske seksuset vert identisk med genuset, som er maskulint.

Eit kålhovud eller eit hus, som har nøytralt genus og ikkje biologisk seksus, vil pga. manglande «nøytralt seksus» ikkje kunna få tildelt noko seksus, og vert då grammatisk inanimat. Det vil verta referert til med eit inanimat ord i nøytrum. I funksjon 1 er dette *det*.

Etter denne modellen vil *det* (same kva trykk og funksjon er) ikkje ha status som personleg pronomen på line med *han* eller *ho*, men som demonstrativ, som nøytrum av *den*. Skulle me skilja ut trykklett *det* (funksjon 1) som personleg pronomen, kva då med trykklett og trykk tungt *han*? Trykket varierer etter funksjon og kontekst. Lat oss halda form og funksjon frå kvarandre og slå fast at *det* av form er demonstrativ. At korkje *det* eller noko anna demonstrativ har genitiv, medan *han* og *ho* har det, er endå eit argument for dette.

Når *barneombod*, med nøytralt genus, kan verta referert til både med *det* og *han*, vert det dermed berre snakk om ei veksling mellom grammatisk animatum og grammatisk inanimatum. Det same gjeld for *svin* i menneskeleg tyding.

Sætherø (1993) ser nærare på genus i norsk i eit diakront perspektiv, og ho viser at animitet-seksus-genus-strukturen er meir gjennomført i bokmål enn i nynorsk, som igjen har strukturen meir gjennomført enn norrønt. Som vanleg norsk språkbrukar registrerer eg at systemet i bokmål ser ut til å vera på veg inn både i sunnmørsmålet og i andre dialektar, jamvel i skriftleg nynorsk, som tradisjonelt har omtrent same strukturen som sunnmørsk. I dette «nye» systemet vil t.d. (4) vera ugrammatisk, og ein må nytta eit trykklett *den* i staden for *han*.

5. Avrunding

I denne artikkelen har eg tenkt høgt omkring kva animitet er, og korleis fenomenet gjer seg gjeldande i den norske dialekten som er min eigen. Eg har m.a. vist korleis eit substantiv kan veksla mellom fleire hierarkiske animitetar, og korleis det då er dei konkrete uttrykka som vil vera lykelen for å skjøna både intendert animitet og diskursiv funksjon. Det er ein samanheng mellom dei tre elementa *funksjon*, *animitet* og *uttrykk*: Kjenner ein to av dei, kan ein resonnera seg fram til det tredje.

Med dette utgangspunktet har eg skilt mellom biologisk, hierarkisk og grammatisk animitet, det midterste ligg i overgangen mellom dei to på endane og ber i seg element ifrå begge. Eg har vidare skilt mellom biologisk og grammatisk seksus, der eg òg har vist eit visst samspel mellom genus og seksus, spesielt ved ikkje-menneskelege substantiv med nøytralt genus. Eg har òg sett på korleis ein kan veksla mellom grammatiske animitetar i éi og same hierarkiske animitetsgruppe i visse funksjonar.

Alt i alt ser det ut til at det gjeng eit hovudskilje mellom ord for menneske og ord for slikt som ikkje er menneske. Stikkord her er kongruens andsynes seksus og nøytralt genus.

Eg har òg sett litt på korleis den grammatisk animate genitivsforma *hans* (og *hennar* i hokjønn) er distributorisk avgrensa innanfor animatum. Vidare har eg slege fast at *det* ikkje oppfører seg som personleg pronomen. Når so dei personlege pronomena har kasusbøyinga, noko demonstrativa ikkje har, so er det atter i samsvar med universelle tendensar dersom me definerer dei nettopp som høvesvis animate og inanimate.

Koplinga av genus og grammatisk seksus ved ikkje-menneskelege ikkje-nøytrale substantiv set sjølvstøtt føre at *genus* i norsk ikkje berre har med kongruens å gjera (jamvel om ein gjerne bør definera genus slik), men at det òg har visse pragmatiske sider: Femininum og maskulinum *er* ho- og hankjønn.

Det eg ikkje har sett på, er korleis definitet verkar inn på alt dette. Når Croft (1990:127) dreg inn definiteten, grunngeve han det med

definisjonar, men viser òg til faktiske samverknader mellom definitet og «animiat oppførsel» i eit par språk, noko liknande dei tabellane eg har sett opp med fire hierarkiske animitetsgrupper og ni syntaktisk og diskursivt definerte funksjonar. Definitet som animitetselement vil i mi strukturering koma inn under hierarkisk animitet, sidan det nivået dreg inn både biologiske og grammatiske forhold.

No er det vel slik med mine ni funksjonsgrupper at det finst skilnad mellom dei nettopp i grada av definitet. Eg kunne nok ha sett på dét òg, men dette har ikkje vore aktuelt med mi vinkling.

Notar

- 1 Ei spesiell takk til Eli Sætherø og Sjur Nørstebø Moshagen for inspirerende tekoppdrøs.
- 2 Eg gjer med dette framlegg om denne termen, som er laga etter mønster frå engelsk *animacy*. Crystal (1991:19) nyttar termen *animateness*, medan Bußmann (1990:130) kallar det *Belebtheit*. Eg har til no ikkje funne nokon etablert term på norsk. Termene *animat* og *inanimat* har eg sett tidlegare.
- 3 Termen *definitet* er laga etter engelsk *definiteness*, og er endå eit selektivt puristisk utslag av at ein vil unngå forma «bestemtheit».
- 4 So lenge det er på mote med generativ grammatikk, skulle det ikkje vera kontroversielt å taka utgangspunkt i seg sjølv. Sjå ogso note 10.
- 5 Croft (1990) nyttar termen *animacy proper*. Eg vel «biologisk animitet» av omsyn til ein distinksjon som eg vil etablere seinare mellom *biologisk*, *hierarkisk* og *grammatisk* animitet.
- 6 Som me vil sjå sidan, kan eit ord stundom veksla mellom ulike hierarkiske animitetar, som «gris» nytta om eit dyr og ein usømeleg mann. Me kan då gjerne rekna inn ein semantisk dimensjon òg i den hierarkiske animiteten.
- 7 Eg kunne like gjerne ha valt *ho*. Merk at på søresunnmørsk skil både *han* og *ho* mellom nominativ, avhengig form (*honom*, *henne*) og genitiv (*hans*, *hennar*). Dette gjeld både trykk tungt og trykklett. Det som gjeld for nominativ, gjeld òg for den avhengige forma, og eg kan difor nytta dei om kvarandre i døma. Her og elles i artikkelen nyttar eg normalortografi.
- 8 Med «moderne prosodisk forskning» tenkjer eg konkret på det arbeidet som Thorstein Fretheim og Randi Alice Nilsen har lagt ned i Trondheim, sjå t.d. Nilsen (1992). Utan denne merknaden vil det helst vera ein tautologi at moderne forskning er ny.

- 9 Eg minner om at eg nyttar «anatorisk» annleis enn i generativ syntaks.
- 10 Typisk nok vil ein stundom måtta koma med slike varsame atterhald når ein driv med introspeksjon og ikkje ei meir behavioristisk registrering av røyndeg ytra språkmateriale. (12) ligg for meg (idioletisk) i ytterkanten av det som kan kjennast «lovleg». Det er viktig å merkja seg både at grensetilfelle kan ha ulik status individuelt, og at språkfolk synest å ha andre intuisjonar enn andre folk, noko lesarane av NLT skulle vera dei fyrste til å vita. Introspektive metodar kan vidare gjeva andre resultat enn observasjon, fordi kompetanse og performanse ikkje treng stemma heilt overeins; samstundes er det uklårt kva høvet er mellom kompetanse og kognisjon, jf. at ein i mentalistisk vinkla haldningsgranskingar gjerne problematiserer høvet mellom det affektive og det kognitive. Det vil her vera duka for ei større prinsipiell metodedrøfting som eg av plassomsyn ikkje vil taka her, men dei sentrale punkta bør vera nemnde i denne noten. Eg har vilja undersøka språket i kompetanseperspektiv.
- 11 *Krakk* som møbel og *krakk* som stakarsleg fyr har ulik etymologi og er i ordbøkene førde opp som to separate leksem. Eg ser bort ifrå dette i heile denne artikkelen. Mange som eg kjenner, ser på den animate tydinga som metaforisk bruk av den inanimate.
- 12 Om ein far seier *mor* om ei kvinne når han snakkar til borna sine, so meiner han *mor* til borna. Seier han derimot *mor* medan borna hans ikkje er der, so meiner han helst si eiga *mor*. Eg tek eit atterhald om at skikkane kan vera andre i andre familiar og landsluter.
- 13 At *kålhovud* kan setjast i animatum, er endå eit argument for at *krakk* var eit gyldig døme trass ulik etymologi for dei to tydingane.
- 14 Derav realisert opposisjon mellom *to* i demonstrativ (demonstrativa skil ikkje mellom han- og hokjøn), men m.a. sterke perfektum partisipp, ein del adjektiv og den «ubundne artikkelen» skil mellom han- og hokjøn, og dei kongruerer alltid med genus (ikkje seksus). Ein kan drøfta om me då skal rekna med to eller tre genus under inanimatum so lenge ein legg bruken av demonstrativ eller pronomen til grunn. I denne utgreiinga har eg ikkje teke omsyn til dei ubundne formene som i praksis trengst for å få ein opposisjon mellom tre genus.
- 15 Rett nok er *dess* historisk sett ein genitiv, men i moderne norsk finst han berre i faste uttrykk som *til dess*.

Litteratur

- Abrahamsen, J. Eggesbø 1993: Hjortar og rosa prikkar. *Språknytt* nr. 3, 1993, 5, 18. Oslo: Norsk språkråd.
- Bußmann, H. 1990: *Lexikon der Sprachwissenschaft*. Stuttgart: Alfred Kröner Verlag.
- Comrie, B. 1989: *Language Universals and Linguistic Typology*. Oxford: Blackwell Publishers.
- Croft, W. 1990: *Typology and universals*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Crystal, D. (red.) 1991: *A Dictionary of Linguistics and Phonetics*. Cambridge: Basil Blackwell.
- Dunger, C. 1993: Jag väljer *hen*. *Språkvård* nr. 4, 1993, 6.
- Ekendahl, A.-M. 1993: *Den* eller *hän*. *Språkvård* nr. 4, 1993, 4–5.
- Hageberg, A. 1993: «Fylkesmannen, ka gjør hu?» Noko om han og ho — før og no. *Maal og Minne* nr. 3–4, 1993, 189–204.
- Hufeisen, B. 1994: Mera om könsneutralt språk. *Språkvård* nr. 1, 1994, 6.
- Lainio, J. 1993: Om *s/he* och *hän*. *Språkvård* nr. 4, 1993, 5–6.
- Nilsen, R. A. 1992: *Intonasjon i interaksjon — sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Universitetet i Trondheim, Det historisk-filosofiske fakultet.
- Sandøy, H. 1979: “Garpegenitiv” i romsdalsmålet. *Eigenproduksjon* nr. 6, 43–55.
- Sætherø, E. 1993: *The development of the category of gender in Norwegian in a typological perspective*. Universitetet i Trondheim, Lingvistisk institutt. (Uprenta oppgave i emnet LING11, diakroni.)
- Torp, A. 1973: Om genitivsomskrivninger og -s-genitiv i norsk. *Maal og Minne* nr. 3–4, 1973, 160–173.
- Torp, A. 1992: Der sogenannte “Garpegenitiv” — Ursprung, Alter und Verbreitung im heutigen Norwegisch. L. Elmevik, K. E. Schöndorf (red.): *Niederdeutsch in Skandinavien III*. 151–166. Berlin: Erich Schmidt Verlag.

